



DET KONGELEGE SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/622-5

12.mars 2021

Gjennomgang av takst- og rabattstrukturen i ferjedrifta

Bakgrunn

Ved handsaming av representantframlegga Dok. 8:17 S (2020 – 2021) og Dok. 8:27 S (2020- 2021) 4. desember i 2020 uttalte samferdselsministeren mellom anna følgjande i Stortinget:

Ordninga med forskotsbetaling er at dei reisande skal yta noko for å oppnå rabatt, men eg ser at det kan vere utfordringar knytt til for høge forskoteringsbeløp, særleg for familiar og næringsliv som har knytt opp mykje likviditet i nettopp dette. Eg meiner derfor at det kan vere grunn til å vurdere ein meir heilskapleg gjennomgang av pris- og rabattstrukturen på bakgrunn av dette, og vil be Statens vegvesen om å sjå på dette og gå i gang med dette.

Vidare har eit fleirtal i Stortinget gjort følgjande vedtak om ferjetakstar under behandling av Innst. 233 S (2020-2021) 23. februar i år, jf. Prop. 79 S (2020-2021), vedtak 661:

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake i revidert nasjonalbudsjett 2021 med forslag til reduserte ferjetakstar allerede for inneværende år, og en forpliktende plan for halvering av fergepriser på både riksveg- og fylkesvegsamband. Løsninger for lavere takster for pendlere skal prioriteres og reduksjonen skal finansieres av staten.»

Hovudoppdrag

I lys av ovannemnte er det ønskeleg med ein heilskapleg gjennomgang av og vurdering av ferjetakstregulativa. Statens vegvesen får med dette i oppdrag å gjera ein slik gjennomgang, og eventuelt å koma med framlegg til justeringar av regelverket for takstar og rabattar.

I gjennomgangen skal det og vurderast ordningar for passasjerbetaling.

Regjeringa vil gjera ei eiga vurdering av korleis oppmodingsvedtak nr. 661 skal følgjast opp, uavhengig av gjennomgangen av takstregulativa.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafiksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Samferdselsdepartementet bed om at Statens vegvesen leverer framlegg til nye regulativ til Samferdselsdepartementet **innan 1. januar 2022**.

Samferdselsdepartementet vil peika på ein del problemstillingar knytt til gjennomgangen av takst- og rabattstrukturen. Opplistinga er ikkje uttømmmande:

Variabel takst

I dag gjeld fastsett takst døgnet rundt, heile året. Kan det tenkjast at det er optimalt å utvikla eit takstsystem som tek omsyn til at trafikken varierer over døgnet så vel som mellom sommar og vinter (sommartakst, rushtidstakst) for å auka samfunnsnyttan av det offentlege brukar på kjøpa av ferjetenestene?

Volumbasert rabatt

Svært mange reiser i dag med rabatt og rabattordninga er i liten grad retta mot spesielle reisebehov og spesielle grupper reisande. I dag er rabatt knytt til eit innbetalt forskott eller brikkebruk. Kan det tenkjast andre ordningar for rabatt, til dømes rabatt ut frå reisevolum, reisekostnader eller andre trafikale kjenneteikn? Det vil derfor vera naturleg å sjå om dagens reglar for rabattar er optimale, om rabattordningar bør endrast eller om det kan tenkjast at eit system utan rabattar er meir tenleg.

Rabatt inspirert av bominnkreving på veg

Eit system som på veg med 20% rabatt for lette køyretøy og ingen rabatt for tyngre køyretøy bør og vurderast.

Forskott

I eit opplegg med vidareføring av eit system med forskottsum bør det vurderast om det er formålstenleg å endre desse forskotta.

Økonomiske og budsjettmessige konsekvensar for rabattbruken ved alle slike endringar av rabattar (og takstreduksjonar) skal vurderast. Det vil vera naturleg å vurdere kapasitetsmessige spørsmål i den samanhengen.

Fylkeskommunar brukar i stor grad staten sine regulativ, og reglar for forskott er gjennomgåande i riks- og fylkesvegferjedrift. Fylkeskommunane bør derfor få framlegg om endringar i regulativa på høyring før oversending til departementet.

Deloppdrag

Departementet bed om eit forslag, **innan 26. mars i år**, slik at dette kan vurderast i samband med RNB 2021, som eit første steg for å svara ut vedtaket i Stortinget 23. februar i år. Vedtaket peikar spesielt på lågare takstar for pendlarar. Dette punktet skal svarast ut i hovudoppdraget ovanfor, men også kommenterast i deloppdraget.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar